



Notat

Dato: 23.04.2014
Arkivsak: 2014/11235-3
Saksbehandlar: agnwibo

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Rullering av Regional forskingsstrategi for Hordaland - oppstartsmelding

Regional forskingsstrategi vart vedteken av Fylkestinget i mars 2010 i samband med etablering av Regionale forskingsfond. Fylkestinget tok ikkje stilling til om forskingsstrategien skulle rullerast. Toppleiargruppa drøfta spørsmålet i møte desember 2013 og vedtok at det skulle skje ei slik rullering i 2014. Den rullerte strategien skal innehalde oppdatert statusoversyn over arbeidet med forskning i Hordaland og vurdere, samt eventuelt peike ut nye satsingsområde for komande arbeid. Meldinga gir ein kort gjennomgang av bakgrunn, status og plan for arbeidet.

BAKGRUNN

Fylkeskommunane har gjennom Forvaltningsreforma fått ansvaret for å styrke arbeidet med forskning som kan fremje regional utvikling. Regional forskingsstrategi er styringsdokumentet for dette arbeidet i Hordaland fylkeskommune. Strategien har hatt følgjande hovudmål og -strategiar:

Hovudmål 1: Auka forskingsinnsats innan prioriterte næringar og særleg utvalde offentlege utviklingsoppgåver.

Strategi 1: Bruke Regionalt forskingsfond, VRI-programmet og andre ressursar i det regionale virkemiddelapparatet som verktøy for å stimulere til meir forskning og utvikling med regional relevans.

Hovudmål 2: Eit styrka samarbeid mellom forskingsmiljøa og næringsliv/offentleg sektor i Hordaland

Strategi 2: Arbeide for strukturelle endringar, program og prosjekt som kan stimulere til relasjonar mellom forskingsmiljøa og bedrifter/offentlege verksemder i Hordaland.

STATUS: MÅL OG RESULTAT

På det operative nivået har det blitt ein auke i forskingsaktivitet gjennom etablering og vidareutvikling av Verkemidlar for regional FoU og innovasjon (VRI) og Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFF) i samspel med andre verkemidlar. Mange av måla i forskingsstrategien er nådd, andre er under oppfølging.

Hovudmål 1: Auka forskingsinnsats innan prioriterte næringar og særleg utvalde offentlege utviklingsoppgåver.

RESULTAT- hovudpunkt

- Fleire søknader til VRI og RFF Resultatet viser at det har vært ein god auke i forskingsinnsatsen. VRI og Regionalt forskingsfond har bidrege til at nye og fleire aktørar deltar i forskingsaktivitet. Ei målsetting har vore å gjere VRI-programmet sine verkemidlar kjend og meir nytta. Dette har ført til fleire søknader.

- Fleire søknader til EU og Skattefunn. Det har også vært ein auke i søknader til Skattefunn og deltaking i EUs rammeprogram innan programområda Capacities og Cooperation som er i tråd med målsettinga. Talet på innvilga søknader frå EU er likevel framleis for lavt.
- Fleire ARENA og NCE. Tre ARENA-prosjekt er etablert: Maritime Clean Tech, DesignARENA og MediARENA.
- Fleire SFI og FME. Det er blitt etablering av 4 nye Senter for forskingsdrevet innovasjon (SFI). Dette representerer også auka forskingsinnsats og overgår målsettinga, men ingen forskingssenter for miljøvennlig energi (FME) er etablert.
- Målsettinga om auka forskingsinnsats i perioden er derfor i stor grad oppnådd, men det er naudsynt å oppdatere og sette nye konkrete mål for satsinga og utforming av strategar.

Hovudmål 2: Eit styrka samarbeid mellom forskingsmiljøa og næringsliv/offentleg sektor i Hordaland
RESULTAT- hovudpunkt

- SFI og FME. Forskingssenter for miljøvennlig energi (FME) eller Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) representerer viktige arenaer for samarbeid mellom forskning og næringsliv, derfor er det viktig å støtte dette arbeidet. 4 nye SFI er etablert
- Målet om eit kompetansesenter for drift og vedlikehald innan maritim/energi vart realisert gjennom etablering av Uptime Center of Competence AS i 2012.
- Høgare utdanningstilbod. Målsettinga om å styrke høgare teknisk utdanning i Bergen har gitt som resultat samarbeid mellom Høgskulen i Bergen, UiB og NTNU om nye MA-program innan tekniske fag. MA i undervassteknologi er etablert
- Forskingsinstitutt. Det har vært ei målsetting om å få fleire forskingsinstitutt med basisløyving til Hordaland. 2 nye senter har fått slik løyving i perioden: UNI Rokkansenteret og Nansensenteret.
- Auka forskningssamarbeid på Vestlandet: UH-nett Vest og Tekno-Vest er døme på slikt samarbeid som har vore aktive i perioden. UH-nett Vest er eit samarbeid der UiB, HiB og HSH deltek saman med Høgskulen Sogn og Fjordane og Høgskulen i Volda. Tekno-Vest er eit samarbeid mellom teknologimiljø innan universitet og høgskular langs kysten frå Ålesund til Stavanger som også vil utvikle samarbeidsrelasjonar til bedriftsnettverk og klynger.

Samhandlinga mellom forskingsmiljø, bedrifter og offentleg sektor er under utvikling og er blitt styrkt dei seinare åra, men enno er det behov for meir innsats her. Hordaland fylkeskommune har gjennom Regionalt forskingsfond Vestlandet og VRI programmet bidrege til å styrkje og tydeleggjere fylkeskommunen sin posisjon i forhold til FoU-miljøa.

PLAN FOR ARBEIDET MED RULLERING AV REGIONAL FORSKINGSSTRATEGI

Forskningsstrategien skal:

- Skape felles forståing av regionale utfordringar og omfang og innretting av den regionale forskingsinnsatsen
- Medverke til å utvikle forskingsmiljøa i regionen med utgangspunkt i regional styrke og regionale utviklingsmål
- Tene som policydokument for kva forskningstema fylkeskommunen ønskjer å prioritere
 - gi innspel til nasjonale forskingsprogram
 - vere operativt og konkret og gi føringar frå Hordaland til arbeidet med Regionalt forskingsfond

- Gi føringar for samarbeidet mellom dei regionale utviklingsaktørane og FoU-miljøa i fylket om regional utvikling

Den regionale forskingsstrategien skal søkje å få fram innan kva fag- og samfunnsområde det er behov for forskning for å sikre konkurransekraft og ei innovativ utvikling i Hordaland. Det er derfor naudsynt å oppdatere og inkludere nye forskingsbehov i strategien og avklare endra føresetnader for bruk av forskingsbasert kunnskap i det regionale utviklingsarbeidet.

VRI-programmet, Regionalt forskingsfond og andre regionale virkemidlar knytt til forskning og innovasjon er sentrale for å få til auka forskingsinnsats og etablere nye nettverk. Med fleire relaterte virkemidlar er det eit auka behov for å koordinere samspelet mellom dei ansvarlege og definere kva andre område innsats frå Hordaland fylkeskommune vil kunne utgjere ein forskjell i arbeidet med ei forskingsbasert regional utvikling.

Arbeidsprosessen

Overordna organisering av arbeidet med strategien

- Fylkestinget er mynde og vedtar endeleg strategi
- Prosjekteigar: Regionaldirektør for regional utvikling Bård Sandal
- Prosjektleiing: Forskingskoordinator Jone Engelsvold (leiar) og seniorrådgivar Agnete Wiborg, Regionalavdelinga

Prosjektleiar vil rapportere til regionaldirektør for regional utvikling. Hordaland fylkeskommune vil setje av tilpassa med ressursar til arbeidet.

Hovudtynga av arbeidet vil kvile på den fylkeskommunale organisasjonen, med deltaking frå fleire avdelingar og seksjonar. For å forankre arbeidet og innhaldet i strategien hos relevante regionale aktørar og særleg viktige samarbeidspartar innan forskingsfeltet, vil desse bli invitert med i prosessen. I tillegg vil det bli organisert konsultasjonsmøte med ulike miljø.

Prosjektgruppe

Prosjektgruppa skal følgje strategiprosessen tett og være fagleg støtte for prosjektleiar. Arbeidet vil være basert på temamøte og skriftlege utkast/respons innanfor ein tidsplan med definerte milepelar. Prosjektgruppa sitt arbeid med forskingsstrategien skal også ha som eit av sine siktemål å forankre arbeidet i alle relevante delar av den fylkeskommunale organisasjonen.

Prosjektgruppa skal også knytte til seg personar frå ulike offentlege etatar med regionalt utviklingsansvar i Hordaland; Norges Forskningsråd sin regional representant, Innovasjon Norge, KS og Fylkesmannen i Hordaland, Universitetet i Bergen og Høgskolen i Bergen. I tillegg vil ein invitere aktørar som på ulike måtar arbeider i grensflatene mellom forskning, utvikling og næringsliv slik som Business Region Bergen.

Regionalt næringsforum vil i tillegg bli konsultert i prosessen.

Konsultasjonsmøte/Arbeidsseminar

Det vert organisert konsultasjonsmøte med det formål å få fram utfordringar og forskningstema knytt til utvikling av Hordaland som grunnlag for forskningstema for Regionalt forskingsfond, VRI og for regional utvikling generelt, og å få fram utfordringar og mogelegheiter for samarbeid mellom FoU og næringsliv/offentlig sektor. Til møte vert forskingsmiljøa særleg inviterte i tillegg til aktørar som fungerer som mellomromsaktørar i samspelet mellom forskning og bedrifter/offentleg sektor. Det vil også bli invitert til skiftlege innspel til prosessen.

Det er planlagt politisk behandling i Fylkestinget i desember 2014.

